


Sak			
Dok.nr.	Dato	Dokument (type, tittel)	Merknader
1	27.09.89	Brev fra Gol kommune til U.O.	
2	23.11.89	Brev fra U.O. til Gol kommune.	

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR LAUVSJØ STØLSLAG.  
SKAGA, GNR. 23, KJERMBAL, GNR. 26, STORLA, GNR. 33, OLSGAARD, GNR. 35,  
GLOMSRUD, GNR. 38,  
GOL KOMMUNE, BUSKERUD.



# GOL KOMMUNE

3138 00  
P0N

Gol, 27 .09 .89

Kommuneplanutvalet i Gol, her  
Buskerud fylkeslandbruksstyre v/landbruksnemnda i Gol, her  
Kulturutvalet i Gol, kulturkontoret, her  
Gol skulestyre, her  
Helse- og sosialutvalet i Gol, her  
Hallingdal off. kjøtt og næringsmiddelkontroll, 3550 Gol  
Hallingdal Kraftlag Sone Gol, 3550 Gol  
Televerket, Drammen teleområde, Pb. 386, 3001 Drammen  
Vegsjefen i Buskerud, Pb. 2265 Strømsø, 3003 Drammen  
Universitetet i Oslo, oldsakssamlinga, Fredriksgt. 2, 0164 Oslo 1  
Buskerud fylkeskommune, plan- og næringskontoret, Haugesgt. 89,  
3000 Drammen  
Fylkesfriluftsnemnda i Buskerud, Haugesgt. 89, 3000 Drammen

Journalnr.:  
03775/89

Arkivnr.:  
504

Saksbehandler:  
PHM

## FRAMLEGG TIL REGULERINGSPLAN FOR LAUVSJØ STØLSLAG KUNNGJERING 1. GANG

Gol bygningsråd har 1. gongs- handsama nemnde planframlegg med tilhøyrande reguleringsføresegner i møte den 18.09.89, sak B 129/89.

Plankart og reguleringsføresegner fylgjer vedlagt.

Moglege merknader må sendast skriftleg til Gol bygningsråd, 3550 Gol, innan 6. november 1989.

Dersom bygningsrådet ikkje har motteke merknader innan nemnde dato, går ein ut frå at De ikkje har innvendingar mot planframlegget.


Med helsing  
Gol Kommune

*Per Helge Myklebust*  
Per Helge Myklebust  
Avd. leiar

VEDLEGG: Kart og reguleringsføresegner  
Sak B 129/89.

LAUVKUN3/TXTPHM





# GOL KOMMUNE

## REGULERINGSFØRESEGNER FOR LAUVSJØ STØLSLAG I GOL KOMMUNE

Godkjendt i Gol Bygningsråd 1. gang sak B 129/89.

### § 1

Det regulerte området er på plankart datert 03.09. 1985 vist med reguleringsgrense. Utnytting i området skal skje i samsvar med reguleringsplan.

### § 2

#### OMRÅDER FOR HYTTER/ FRITIDSHUS

- a) Tal for hytteeiningar i dei einskilde hyttefelt er påført plankartet. Med hytteeining meiner ein eitt fritidshusvere med eitt tilhøyrande uthus. Kvar hytteeining kan oppførast med inntil 125 m<sup>2</sup> golvareal.
- b) Før delings- og byggjeløyve vert gjeve skal det liggje føre tomtedelings-/ utnyttingsplan for byggjefeltet godkjend av bygningsrådet. Situasjonsplanen skal vise tilkomstveg til kvar hyttetomt.
- c) Bygningsrådet skal ved handsaming av byggjemeldingar sjå til at bygga får god form og materialbruk.
- d) Alle bygningar skal ha saltak og må ikkje ha meir enn ei høgde.
- e) Inngjerding av tomtane er ikkje tillate. Mindre gjerde for vern av inngang/ veranda er tillate.
- f) Grunnmur skal vere tett. Der det vert nytta søyle-/pillarfundament må felte mellom desse stengjast forsvarleg.

### § 3

#### JORD - OG SKOGBRUKSOMRÅDE

Utnytting av området vert regulert av gjeldande lovverk for jord- og skogbruk, friluftslav o.s.v..

### § 4

#### TRAFIKKOMRÅDE

Byggjelinje langs felles hovudveg går fram av plankartet. Byggjelinjeavstanden er 30 meter frå senter veg.

### § 5

Når særlege grunnar talar for det, kan bygningsrådet gjere unntak frå desse reguleringsføresegnene innanfor ramma av bygningslovgjevinga og bygningsvedtektene for kommunen.

LAUVSJØFØ/TXTPHM

Adresse:

3550 Gol


Telefon:

067-74 100

Bankgiro: 9211.05.00051

Postgiro: 5 49 84 07

Postgiro skatt: 1 20 61 76



# GOL KOMMUNE

## M Ø T E B O K

Sak.nr. B 129/89

J.nr. 00825/89

Ark.nr.: 504.1

Sak.nr. Utvalg  
129/89 BYGNINGSRÅDETMøtedato Avd/Sbh  
18/09-89 T /PHM

### REGULERINGSPLAN FOR LAUVSJØ STØLSLAG

#### BYGNINGSRÅDET 1. GANGS HANDSAMING

#### SAKSDOKUMENT:

- 1. Melding om regulering datert 29.11.89
- 2. Brev frå Lausjø stølslag motteke 15.02.89
- 3. Reguleringsplankart datert 02.02.89.
- 4. Reguleringsføresegner
- 5. Illustrasjonsplan og alternativ illustrasjonsplan datert 26.01.89 og 01.02.89.
- 6. Oversyn stølseigarar/ hytteeigarar datert 03.11.88.

#### OPPLYSNINGAR:

Planområdet er på i alt ca 8700 daa og omfattar 33 bebygde hyttetomtar og 2 ubebygde tomtar (tinglyste før 6.3.1973) og 54 planlagde nye tomtar. Dette er i samsvar med

Etter at det kom merknader til eit tidlegare reguleringsframlegg kring 1980 har no Lauvsjø stølslag arbeidd ut eit nytt planframlegg. Det synest vere teke omsyn til merknadene etter som 54 av dei nye tomtane er samla i eitt stort felt. Planen viser elles felles parkeringsareal og vasskjelder. Vasskjelder er kartfesta.

Reguleringsføresegnene er i samsvar med liknande føresegner elles i kommunen. Arealgrense for ei hytteeining er sett til 125 m<sup>2</sup> i samsvar med kommuneplanen for Gol.

Søkjjarane skriv i brev, dokument nr 2, sitat:

"Når det gjeld vassforsyning, vil den bli basert på innlagt vatn i hyttene og utslepp av vaskevatt infiltrert i grunnen. Vassforsyninga vert basert på vassbrunnar/ grunnboringar. Det skal først framstrå til området. Stølslaget kan tenke seg ei løysing med lågtspylende vassklosett og avløp til tett tank for kvar hytte med tømning minst ein gong i året. Dersom slik avløpsløysing ikkje kan godkjennast, kan stølslaget tenke seg installering av bioklosett i hyttene."

#### Teknisk sjef sin merknad til innlagt vatn/ tett tank/ utslepp:

Kommunen har til no ikkje tillate innlagt vatn og vassklosett i hyttene. Infiltrasjon i grunnen har vore rekna som fullgod løysing for gråvatn når tilhøva elles ligg til rette for det, og vassforbruket er lite som fylgje av ikkje innlagt vatn. Tett tank for kloakk føreset ein prinsipiell diskusjon då dette verkar inn på transportsystem og organisering av mottaket til renseanlegget, samt behov for utbygging av renseanlegget. Ordningar med biologiske klosett synest vere gode løysingar når det vert teke omsyn til belastning og driftstilhøva for biologisk nedbrytning.

Adresse:

Telefon:

Bankgiro: 9211.05.00051

3550 Gol

067-74 100

Postgiro: 5 49 84 07

Postgiro skatt: 1 20 61 76

Teknisk sjef sine merknader til området avsett til hyttefelt: Arealet er sterkt myrlendt. For å kunne tilpasse dei einskilte tomtane betre til terrenget er det ein fordel om feltet vert utvida 150 - 200 meter mot aust.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Bygningsrådet tek synfaring.
2. Bygningsrådet vedtek planframlegget i samsvar med teknisk sjef sine merknader til avgrensing av hyttefeltet, kart datert 02.02.89 med tilhøyrande føresegner. Plan- og føresegner vert å leggje ut til offentleg ettersyn i samsvar med § 27- 1 i plan- og bygningslova.
3. Det er ikkje tillate å leggje inn vatn i hyttene utan at det ligg føre godkjendt utsleppsløyve i samsvar med lov om vern mot forurensing og om avfall.
4. Det må søkjast særskilt om utsleppsløyve for enkelttomtar eller tomtegrupper avhengig av rensemetode.

Gol, 13.09.89

E. Øynebråten  
- tekn. sjef -

Utskrift sendt til: Lauvsjø stølslag v/Anders E Rese, 3550 Gol  
Stølseigarar/ hytteeigarar i Lauvsjø



# REGULERINGSPLAN for LAUVSJÖ STÖLSLAG i GOL KOMMUNE

Saksbehandling etter bygningslova	DATO	DATO	SIGN.
BYGNINGSRÅDETS BEHANDLING 1.GONG, SAK B 129/89	18. 09.89.		SB
UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN			
BYGNINGSRÅDETS VEDTAK			
KOMMUNESTYRETS VEDTAK			
STADFESTA AV			
<b>Revisjonar</b>			
Tomtefelt utvida mot aust i flg. møte 18.09.89.		27.09.89.	SB


Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

[postmottak@khm.uio.no](mailto:postmottak@khm.uio.no)



MÅLESTOKK 1:5000



LAUVSJÖ STÖLSLAG

TEIKN. NR.

F-1-55

DATO

02.02.89

SIGN.

A.RESE



# UNIVERSITETET I OSLO

2.

OLDSAKSAMLINGEN  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1  
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF  
NATIONAL ANTIQUITIES  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

KOPI  
Gol kommune,  
Teknisk etat,  
3550 GOL.

OSLO, 23. november 1989.

SAKSBEHANDLER:

DERES REF.: 03775/89 504 PHM

VÅR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR) 3138/89 PON/gi

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR LAUVSJØ STØLSLAG  
SKAGA, GNR. 23, KJERMBAL, GNR. 26, STORLA, GNR. 33,  
OLSGAARD, GNR. 35, GLOMSRUD, GNR. 38, GOL KOMMUNE, BUSKERUD

Vi viser til Deres forsendelse av 27. september 1989.

Universitetets Oldsaksamling foretok en arkeologisk registrering i de delene av planområdet hvor det vil bli foretatt fysiske inngrep den 1. og 2. november 1989. Her ble ikke funnet fornminner, og vi har derfor ingen merknader til at hyttene blir bygd.

De områdene som fortsatt skal brukes som landbruksområde ble ikke registrert. Her kan det være fornminner. Alle fysiske tiltak, som nydyrking, vegbygging, husbygging, grøfting etc. innenfor landbruksområdene må meldes til antikvariske myndigheter, slik at arkeologiske registreringer kan finne sted.

Skulle det oppdages fornminner ved tiltak i marken i planområdet, skal arbeidet stanses i den utstrekning det kan berøre fornminnene eller deres sikringssoner på fem meter. Melding skal straks sendes Universitetets Oldsaksamling, jfr. lov om kulturminner av 9. juni 1978, § 8.

Med hilsen

Per Oscar Nybruget  
forsker